



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE


Kultur- og idrettsavdelinga



---

# Den kulturelle skolesekken i Hordaland

---



Plan for skuleåret 2009 – 2010

Bilete frå utstillinga "Fiskeboller i karri" – foto: Hanna Hilt

# Plan for DKS skoleåret 09/10

(frist for innlevering 1. april 2009)

Den kulturelle skolesekken i  fylke

<b>Institusjon:</b>	<b>Hordaland fylkeskommune</b>
besøksadresse:	Agnes Mowinckels g 5
postadresse:	Postboks 7900, 5020 Bergen
telefon:	55 23 99 76/71
faks:	55 23 93 79
e-postadresse:	dks@post.hfk.no
url:	<a href="http://www.dks-hordaland.no/">http://www.dks-hordaland.no/</a>

## Kontaktperson

navn	Charlotte Espeland
telefon	55 23 99 76
epost	<a href="mailto:charlotte.espeland@post.hfk.no">charlotte.espeland@post.hfk.no</a>

## Mål, strategier og satsingsområder

Hva er målene for arbeidet med Den kulturelle skolesekken i fylket?

Basismodellen for Den kulturelle skolesekken (DKS) i Hordaland vart utvikla skuleåret 2004/2005.

Med utgangspunkt i departementale føringsdokument er det vedtatt overordna mål for DKS i Hordaland. Ein skil mellom hovudmål og organisatoriske mål og strategiar. Desse vart etablerte i tett samarbeid med kommunane som skuleeigarar, Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen i Hordaland og NOKU.

### Hovudmål:

1. å medverke til at elevar i skulen får eit profesjonelt kulturtilbod;
2. å leggje til rette for at elevar i skulen skal få tilgang til, gjere seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag;
3. å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål;
4. å gje born oppleving av kunst og styrke deira eiga skaparevne.

### Organisatoriske mål og strategiar:

- DKS skal realiserast i kryssingspunktet mellom kultur- og skulesektor på alle nivå.
- DKS inneber partnerskap, aktiv medverking og utforming på alle nivå av realiseringa.
- DKS skal vere tufta på demokratiske prinsipp.
- DKS skal vere lokalt forankra, der det lokale vert å forstå som noko som veks

fram i dynamisk samspel med det regionale, nasjonale og internasjonale.

- DKS-tilboda skal kunne genererast og implementerast gjennom eit aktivt samspel mellom kunst- og kulturaktørar lokalt, regionalt og (inter)nasjonalt.
- DKS skal vere ein av bidragsytarane i skapinga av eit dynamisk samfunns- og kulturliv og gje kunstnarar og kulturarbeidarar høve til utvikling.
- DKS skal medverke til å skape grobotn for samfunnsmessig, kulturelt og kunstnarisk mangfald og vere delaktig i å skape utvida horisontar for elevane.

Hvilke særlege utfordringer/satsingsområder skal det arbeides med?

- I samband med Kulturminneåret 2009 vert kvardagens kulturminne eit særleg satsingsområde. Døme: Utstillinga "Fiskeboller i karri".
- Vidareutvikling av DKS i vidaregåande opplæring.
- Organisering. Mellom anna vil det bli arbeidd vidare med etablering av faggrupper.

Hvilke strategier har man for å nå målene?

Sjå første punkt.

Skal det settes i gang tiltak i fylket som skal framheve og sikre kulturelt mangfold i Den kulturelle skolesekken? Hvis ja, utdyp: ja  nei

Gjennom organisatoriske mål og strategiar skal DKS i Hordaland medverke til å auke elevane sin kunnskap om og respekt for mellom anna kulturelt mangfald. DKS i Hordaland fylkeskommune (HFK) har på det noverande tidspunkt ikkje gjort endelege avtalar knytt til innhald i DKS for skuleåret 2009/2010. Fleire av tilboda som førebels er plukka ut medverkar til å framheve kulturelt mangfald.

Skal det settes i gang tiltak i fylket som sikrer tilgjengelighet for elever med spesielle behov? Hvis ja, utdyp: ja  nei

For skoleåret 2009/2010 er det ikkje planlagt tiltak for elevar med særskilde behov. Dei fleste av tilboda som førebels er plukka ut vil egne seg godt også for desse elevane.

## Innhold/omfang

Hvordan har man tenkt å arbeide med kvalitetssikring og utvikling av det kunstneriske/kulturfaglige innhold i fylkets DKS? Kort beskrivelse:

Kultur- og idrettsavdelinga i HFK er ei mangfaldig avdeling med fagleg tyngd på fleire felt som har ein plass i DKS. Dette mangfaldet vert nytta i val og vurdering av innspel til DKS.

Fylkeskonsertane/ skolekonsertordninga i Hordaland har ansvar for produksjon og formidling av musikk i fylket. Skuleåret 2009/2010 vil DKS og Fylkeskonsertane/ skolekonsertordninga i Hordaland samarbeide om musikktilbod til vidaregåande opplæring.

Parallelt med samarbeid med nasjonale og regionale institusjonar og aktørar/ utøvarar, vil DKS i HFK kommande skuleår vidareutvikle det dynamiske samspelet mellom Kultur- og idrettsavdelinga sine ulike verksemdsområder.

Vil alle grunnskoleelever i fylket motta DKS-tiltak (utenom Rikskonsertene) fra fylket? ja  nei

Nesten alle elevane i grunnskulen vil få tilbod frå DKS i HFK.

DKS i HFK prioriterer å ha nokre meir omfattande prosjekt enn at alle elevane skal vera garantert tilbod. Alle elevane får totalt sett profesjonell kunst- og kultur i sin skulekvardag gjennom lokale skulesekkar, Riks- og Fylkeskonsertar/ skolekonsertordninga og DKS i fylkeskommunen.

Vil alle elever i vidaregåande opplæring i fylket motta DKS-tiltak? ja  nei

Hvis nei, hvor mange elever i vidaregåande opplæring vil motta DKS-tiltak?

HFK starta med DKS i vidaregåande opplæring skuleåret 2007/2008, då til elevar på 2. årstrinn på 5 skular. Ordninga vart vidareført og utvida til å omfatte 8 skular skuleåret 2008/2009. Omfanget skuleåret 2009/2010 er førebels ikkje avgjort.

## Budsjett

### a) Inntekter

Spillemidler	10 123 706 + 2 400 000* (vgs)
Egne midler/egeninnsats	2 158 000**
Refusjoner fra Rikskonsertene/Norsk scenekunstbruk	173 475***
Egenandeler – kommunene	298 809****
Renteinntekter	599 262****
Annet	
<b>Sum</b>	<b>15 753 252</b>

### b) Utgifter

Formidling, innholdsutvikling, produksjon (grunnskoler)	4 220 446
Formidling, innholdsutvikling, produksjon (videregående opplæring)	2 400 000*
Overføringer til kommunene	6 974 806*****
Nettverk/kompetanseheving - kulturtorg	
Nettverk/kompetanseheving - annet	100 000
Administrasjon – lønnskostnader	1 537 000*****
Administrasjon – annet	521 000
Annet	
<b>Sum</b>	<b>15 753 252</b>

### Kommentarer til budsjettet:

Fylkeskonsertane/Rikskonsertane er ikkje inkludert i tala.  
I tillegg kjem midlar frå Opplæringsavdelinga i samband med DKS i vidaregåande opplæring og eventuelle midlar som vert overført frå skuleåret 2008/2009.  
\* Midlar til vidaregåande skule: talet er tatt frå Kongeleg resolusjon av 09.05.2008.  
\*\* Driftsbudsjett for 2008  
\*\*\* Refusjon frå NSKB er summen som er refundert våren 2009, for framsyningar i 2008.  
\*\*\*\* Eigendelar frå kommunane og renteinntekter er stipulert til same sum som kalenderåret 2008.  
\*\*\*\*\* Tal er basert på same tildeling som førre skuleår. Bergen kommune får sin del av midlane direkte, kr 3 937 129. Kvar av dei 5 regionane får kr 50 000 til interkommunale satsingar.  
\*\*\*\*\* Inkludert alle sosiale utgifter og midlar til å leiga inn ekstra konsulentar.

## Organisering og samarbeid

Gi en kort beskrivelse av organisasjonsstruktur og styringslinjer for DKS på regionalt nivå?

DKS i Hordaland er forankra i Kultur- og idrettsavdelinga i HFK, og er organisert med eit styre og eit råd. Fylkeskultursjefen er fagleg ansvarleg.

I fylkeskommunen er det i dag 3 fast tilsette personar i 100 % stilling til å ta hand om DKS i grunnskulen og vidaregåande opplæring; leiar, turnéleggjar og rådgjevar. I tillegg er det tatt inn ein konsulent med kontrakt ut juni 2009 med særleg ansvar for gjennomføring av DKS i vidaregåande opplæring.

I styret for DKS i Hordaland sit fylkeskultursjefen i HFK og utdanningsdirektøren v/ Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland. Styret har det overordna ansvaret for DKS, og delegerer ansvar i eit utval av saker til DKS i fylkeskommunen og til rådet.

Rådet for DKS i Hordaland er ei ressurs- og referansegruppe for DKS i HFK og for styret. I rådet sit 5 valde regionsrepresentantar m/vara, 1 representant frå Bergen kommune (observatør), 1 representant frå Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen m/vara, 1 representant frå NOKU m/vara, 1 representant frå Kultur- og idrettsavdelinga i HFK m/vara, 1 politisk representant frå Kultur- og ressursutvalet i HFK (observatør) m/vara. Leiar for DKS i HFK er leiar for rådet.

DKS i vidaregåande opplæring er eit samarbeid mellom Kultur- og idrettsavdelinga og Opplæringsavdelinga i HFK.

DKS og Fylkeskonsertane/ skolekonsertordninga i Hordaland har same målgruppe, men arbeidar etter forskjellige mål, avtalar og føringar, og er ulikt organisert. Vidaregåande skule er ikkje omfatta av Fylkeskonsertane/ skolekonsertordninga sine avtalar, men gjennom samarbeid med DKS i HFK vil dei gje musikktilbod også til dette utdanningsnivået.

Gi en kort beskrivelse av DKS-samarbeidet mellom fylkeskommunen og kommunene:

DKS i fylkeskommunen har eit årleg fellesmøte med kommunane. Kommunane i kvar region har tilsvarande møte med jamne mellomrom. I nokre høve deltek DKS i fylkeskommunen på desse møta. Representantar frå kvar region sit i rådet for DKS i Hordaland.

DKS på fylkesnivå i Hordaland spelar ei vesentleg rolle som regional utviklar, sørvisinstans og samordnar av DKS-verksemda totalt i fylket. I samband med den nasjonale høyringa om NIFU-step sin evalueringsrapport, har HFK og kommunane i Hordaland evaluert satsinga i sin heilskap. Dei positive resultatane frå ei spørjeundersøking i 31 (av totalt 32) kommunar, viser at det er all grunn til å byggja vidare på det eksisterande fundamentet for verksemda slik ein har lagt det opp i fylket, både organisatorisk, økonomisk og med tanke på produksjon og distribusjon av DKS-tilbod til grunnskulane.

Gi en kort beskrivelse av samarbeidet mellom DKS i fylket og regionale/lokale kunst- og kulturinstitusjoner:

DKS i HFK har eit godt og velfungerande samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar i fylket. I dette samarbeidet ligg både innkjøp av ferdige produksjonar og utvikling av nye. Institusjonane er og samarbeidspartar i samband med kurs for lærarar og kunstnarar. Det gode samarbeidet vert vidareført.

I tillegg til samarbeidet DKS i fylkeskommunen har med kunst- og kulturinstitusjonar i fylket, samarbeidar DKS i kommunane med lokale institusjonar.

### **Kompetanseutvikling**

Gi en kort beskrivelse av eventuelle planlagte kompetansetiltak for lærer/utdanningssektoren i regi av fylkeskommunen eller med fylkeskommunen som samarbeidspartner:

For skuleåret 2009/2010 er det førebels planlagt følgjande kurs:

- Heildagskurs i drama/ teater for lærarar – i samarbeid med Vestlandske Teatersenter.
- Kurs i etterkant av turne med Vil Vite – i samarbeid med BergenVitensenter.

(Fordi det på noverande tidspunkt ikkje er gjort endelege avtalar knytt til innhald for skuleåret 2009/2010, kan kurslista bli endra.)

Det er også eit mål å tilby kompetansehevande kurs i samband med tilboda i DKS i vidaregåande opplæring.

Kursa vert produsert og organisert i samarbeid med aktuelle kurshaldarar, Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen og Opplæringsavdelinga i HFK.

Gi en kort beskrivelse av eventuelle planlagte kompetansetiltak for kunst- og kultursektoren i regi av fylkeskommunen eller med fylkeskommunen som samarbeidspartner:

DKS i fylkeskommunen har i fleire år arrangert Visuelt Kunstseminar for kunstnarar i fylket. Kurset vert ikkje vidareført skuleåret 2009/2010. Dette eller andre kurs til denne målgruppa kan bli planlagt for seinare skuleår.